<p>Fusa Vanskeleg å budsjettera fordi særleg kostbare behov oppstår plutselig/ tilflytting. Godt samarbeid med BUP og politi.</p>	<p>Fusa Ønskjer utvida samarbeid i Midhordland. Fagsamarbeid med Tysnes.</p>
<p>Tysnes Vanskeleg å budsjettera fordi særleg kostbare behov oppstår plutselig/ tilflytting. Noko samarbeid med HelseFonna. Godt samarbeid med BUP og politi.</p>	<p>Tysnes Ønskjer utvida samarbeid i Midhordland. Fagsamarbeid med Fusa. Alle tilsette får vidareutdanning (saman med Os).</p>

Førebyggjande teneste:

<p>Tenester</p> <ul style="list-style-type: none"> - Behovsframskriving - Beredskap - Opplevd kvalitet - «Faktisk» kvalitet - Samarbeid - Nærleik og avstand - Grad av sentralitet 	<p>Personal og organisasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kompetanse - Rekruttering - Organisering
<p>Os Fødselstalet aukar litt frå år til år: 242 (2014)- 286 (2015)- fødselar i året. Nettverkssamarbeid- Sund, Askøy, Fjell Fleire utfordringar i samband med mottak av flyktningar/ arbeidsinnvandring.</p>	<p>Os 16 årsverk; 11 helsesøster 2 jordmor 1 psykolog God tilgang på personell med rett kompetanse, men ofte ny utdanning. Organisert under oppvekst.</p>
<p>Fusa Fødselstalet svingar frå år til år: 29 (2014)- 31 (2015)- fødselar i året. Nettverkssamarbeid- Samnanger, Kvam Fleire utfordringar i samband med mottak av flyktningar/ arbeidsinnvandring.</p>	<p>Fusa 3 årsverk; 3 helsesøster 1 jordmor God tilgang på personell med rett kompetanse. Organisert under helse-familie og velferd.</p>
<p>Tysnes Fødselstalet svingar frå år til år: 38 (2014)- 17 (2015)- fødselar i året. Samarbeid med HelseFonna. Nettverkssamarbeid. Fleire utfordringar i samband med mottak av flyktningar/ arbeidsinnvandring.</p>	<p>Tysnes 3 årsverk; 2 helsesøster 1 psykisk helsearbeidar 1 jordmor God tilgang på personell med rett kompetanse. Organisert under oppvekst</p>
<p>Rammevilkår</p> <ul style="list-style-type: none"> - Økonomiske - Fysiske 	<p>Utvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tenesteutvikling og konsept - Investeringsprosjekt

- Samarbeid	- Samarbeid
Os Helsestasjon Skulehelseteneste	Os Barseloppfølging i samarbeid med KK.
Fusa Helsestasjon Skulehelseteneste	Fusa Fusingar føder i samarbeid med AMK.
Tysnes Helsestasjon Skulehelseteneste	Tysnes Tysnesingar føder på Stord (eller der omkring).

Notat Tekniske tenester og miljø

Tekniske tenester og miljø – Os kommune

Tenester/fakta	Organisasjon, tal årsverk, kompetanse	Økonomi/Rammevilkår/dekningsgrad gebyr	Planstatus/utvikling/utbygging
Vassforsyning	<ul style="list-style-type: none"> To kommunale vassverk Eiga driftsavtale med Bergen Vann som inneberer driftsrutinar i høve til ISO 9000 Kommunen har bestiller og forvaltaransvaret overfor Bergen Vann og innbyggjarar. 6 årsverk med ingeniør og økonomikompetanse Ein del lekkasjar i leidningsnett som inneberer stor fokus på lekkasjesøk og rehabilitering leidningar. Har eit eige team (5 årsverk) med røyrleggjar og anleggskompetanse. Kommunen har ei eiga prosjektavdeling med 5 årsverk innan VA (ingeniørkompetanse) som har ansvar for nye anlegg, prosjektering samt godkjenning av ulike tekniske planar 	<p>Kommunale gebyra finansierer all drift samt naudsynte investeringar</p> <p>Gebyr er delt i abonnementsgebyr (kr 2513) og forbruksgebyr (3 ulike prisnivå avh av m2. Kr. 1055,- 2111,- 3518,-). Forholdsvis høgt tilkoplingsgebyr.</p> <p>Krav om vassmålar i alle nybygg (bueiningar) frå 2016</p>	<p>Arbeider med rullering hovudplan vatn.</p> <p>Har oppdatert Beredskapsplan vassforsyning i høve til krav frå Mattilsynet</p> <p>Digitalt kartverk – er totalkunde hos Norkart som inneberer bruk av fleire tilleggsmoduler (FDV, VA felt, VA dashboard etc)</p> <p>Stor utbygging som førar til stadig fleire anlegg som skal driftas.</p>
Avlaupsanlegg (miljø)	<ul style="list-style-type: none"> 5 kommunale avløpsreinseanlegg Nytt hovedreinseanlegg er under bygging (OHARA) som vi føre til sanering av nokon av nåverande anlegg Ca 1300 private slamavskiljarar der kommunen har tilsynsansvar Antall årsverk og kompetanse, sjå det som er skrevet under Vassverk 	<p>Kommunale gebyra finansierer all drift samt naudsynte investeringar</p> <p>Gebyr er delt i abonnementsgebyr (kr 3134) og forbruksgebyr (3 ulike prisnivå avh av m2. Kr. 1336,- 2672,- 4453,-). Forholdsvis høgt tilkoplingsgebyr.</p>	<p>Arbeider med rullering Hovudplan avløp.</p> <p>Har oppdatert ROS-analyse ytre miljø i høve til krav frå Fylkesmannen</p> <p>Vedr kartverk, sjå det som er skrevet under Vassverk</p>
Kommunale vegar inkludert hamner og bruar	<ul style="list-style-type: none"> 5 årsverk på drift som inkluderer leiar som har all forvaltningsansvar kommunal vegar Har utstyr til 	<ul style="list-style-type: none"> Har ca 90 km med kommunal veg. Samla budsjett 11 mill i 2016. Fekk i 2015 tilleggsmidlar til 	<p>Plan for trafikksikring godkjent 2014.</p> <p>Nyttar elektronisk kart samt Vegvesenet sitt NVDB-system</p>

	grøfterens, brøyting, strøing etc	<p>asfaltering grunna stort etterslep</p> <ul style="list-style-type: none"> • Veglys er eigd av Os kommune som førar til driftsansvar veglys langs kommunale vegar. Tenesta kjøpas av BKK • Fekk i 2015 tilleggsmidlar til utskifting av lysarmaturar med kvikksølvhaldige lyspærer. • Kjøper tilleggstenester knytt til vintervedlikehald samt asfaltering • Årleg ekstern kontroll av kommunale bruar (12 stk) og kaiar (6 stk) 	
Eigedom	<ul style="list-style-type: none"> • Drift og vedlikehald alle kommunale bygg, totalt ca 11.800m². • Totalt 16 årsverk i 2016 fordelt på 2 innan forvaltning og styring (inkl leiar), 2 på grøntanlegg og 12 driftsansvarlege. • Har folk med utdanning innan elektro, tømrer, malar, gartnar mm som blir satt saman i ulike fagteam. • Prosjektavdelinga har 3 årsverk med ingeniørkompetanse som tar hand om nybygging kommunale bygg. 	<p>Inntekt frå utleigebustader tilfjell driftsavdelinga som nyttas til ordinær drift og vedlikehaldsoppgåver kommunale bygg.</p> <p>I tillegg kjem det eit tilskot på 19 mill frå kommunale budsjett.</p> <p>Ca. 2/3 av budsjettet er bundne kostnader.</p> <p>Nyttar eige FDV-system for innmelding av oppgåver samt oversikt over dokumentasjon og tilstand for alle bygg.</p>	Har eige driftsplan som oppdateras årleg.

Tekniske tenester og miljø – Tysnes kommune

Tenester/fakta	Organisasjon, tal årsverk, kompetanse	Økonomi/Rammevilkår/dekningsgrad gebyr	Planstatus/utvikling/utbygging
Vassforsyning	Me har berre private vassverk, 4 stk.	Kommunen arbeider med ei løysing der me garanterer for låneporteføljen til laga.	Arbeider med hovudplan. Skal digitalisere kartverk i 2016. Det ligg ei drøfting kring eventuell kommunal overtaking av nokre av vasslaga i tjomda.

Avlaupsanlegg (miljø)	0,5 år	Sjølvkost, differensiert. Einebustad opp til 400 m2 er kr. 5200 i årsgebyr. Kr. 10.000 i tilknytning	Arbeider med Hovudplan no i 2016. Fekk digitalisert kartverket i 2015. Utbyggingsavtaler knytt til anlegg på Onarheim.
Kommunale vegar	0,5 år	Har 62 km med kommunal veg. Samla budsjett 2,3 mill i 2016. Kjøper tenester knytt til kantklypp, grøfterensk med vidare.	Plan for trafikksikring
Hamner	0 år, er p.t. i dialog om etablering av ei interkommunalt hamnesamarbeid i Sunnhordland. Vert i dag handtert med venstrehanda av rådmannen sjølv.	Me har inntekter i storleik nær kr. 600 i samband utleige av to kaiar. Ny næringskai vart bygd i 2015, djupvasskai med 45 m kaifront	Me arbeider med å avhende kaiar og anlegg som me ikkje har nytte for. Me har avhenda to anlegg, og har to under arbeid
Andre tenesteområde	Drift og vedlikehald bygg og kyrkjegardar 4 årsverk. Feiing og bustadtilsyn, her kjøper me tenester frå Vestnorske Feietenester	7 mill. i budsjett	Generell rimeleg god situasjon i høve vedlikehald, eit etterslep på kyrkjebygg på nær 20 mill.

Tekniske tenester og miljø – Fusa kommune

Tenester/fakta	Organisasjon, tal årsverk, kompetanse	Økonomi/Rammevilkår/dekningsgrad gebyr	Planstatus/utvikling/utbygging
Vassforsyning:	Tre anlegg, forsyner om lag 1000 personar. Enkel vannbehandling. 0,9 årsverk. Tilfredsstillande kompetanse.	Ok driftsbudsjett. Dekningsgrad i 2015 var 85%, målsetjing er 100%.	Hovedplan frå 2010, rullering igangsetjast i 2016. Behov for utbygging/utbetring innafør eksisterande forsyningsområde om lag 10 mill (ligg i økonomiplan)
Avlaupsanlegg (miljø)	Mange små anlegg, med eitt unntak er det slamavskiljarar. 0,9 årsverk. Tilfredsstillande kompetanse.	Ok driftsbudsjett. Dekningsgrad i 2015 var 111%. Målsetjing 100%, dvs gebyra må tilpassast.	Hovedplan frå 2009, rullering igangsetjast 2016. Behov for noko utbygging av slamavskiljarar, og rehabilitering av eksisterande anlegg (delar av kostnaden i øk.pl.).
Kommunale vegar	80 km kommunale vegar inklusiv om lag 4 km gangvegar. Om lag 25 km grusveg. I gjennomsnitt lav standard. 1,4 årsverk. Tilfredsstillande kompetanse.	Budsjett 1,8 mil i 2016, som er for lite til å oppretthalda brukbar standard. Sommarvedlikehald i hovudsak i eigenregi. Vintervedlikehald, minus ein rode, på kontrakt med entreprenørar.	Hovedplan vegar frå 2004, skal rullerast. Trafikksikringsplan til endeleg handsaming i juni 2016. Midlar til opprusting på investeringsbudsjettet.
Hamner	Tre kaiar brukt til næringstrafikk. Ein av dei til tømmerkai. Fleire små anlegg i tillegg. 0,1 årsverk.	Kaiavgift dekkar i hovudsak normale driftskostnader.	Nokre små anlegg kan avhendast/rivast. Ingen større utbyggingsplanar, men behov for noko tilpassing til større fartøy.

Drift og vedlikehold kommunale bygg	Om lag 25000 kvadratmeter kommunalt eigde bygg pluss noko innleige. 3,5 årsverk. Tilfredsstillande kompetanse.	For lavt driftsbudsjett, behov for auke for å oppretthalda standard på kommunale bygg.	Vedlikehaldsplan for kommunale bygg. Midlar på investeringsbudsjettet til oppgradering.
-------------------------------------	--	--	---

Potensiale for utvikling/ending/effektivisering i ein ny kommune:

Dagens situasjon.

Kommunane har ulik storleik, og dermed ulike utfordringar. Det er dei små kommunane som har dei største utfordringane.

- Små kommunar medfører små fagmiljø som gjerne er lite attraktive. Dermed vanskelegare å rekruttera nye medarbeidarar.
- Kompetansenivået blir lavare enn i eit større fagmiljø avdi ein i stor grad må kunna litt om alt.
- Ein liten organisasjon blir meir sårbar for fråver av nøkkelpersonar.
- Økonomisk blir ein liten organisasjonen meir sårbar for ekstraordinære kostnader.
- Dei små kommunane får lett dårlegare vilkår i konkurransar på tenestekjøp avdi volumet blir lite.
- På plussida i små kommunar vil vera god lokalkunnskap, sjølv med store avstandar geografisk.
- Liten organisasjon gjev korte beslutningsvegar og god fleksibilitet så langt dei samla ressursane strekk til.
- Fagleg samarbeid føregår i dag mest på VA-området gjennom Driftsassistansen i Hordaland.
- Den største kommunen, Os, har eit stort utbyggingspress, som krev mykje av organisasjonen.
- Meir tettbygde område gjev Os større utfordringar når det gjeld forvaltning av kommunale vegar.
- Os har også andre og større krav til t.d. avlaupsrensing, noko som set høgare krav til fagleg kompetanse.

Situasjonen i ein ny kommune:

- Ein ny kommune vil i større grad dra nytte av større fagmiljø innafor dei tekniske tenestene.
- Kompetansen vil kunna auka fordi kvar enkelt kan ha eit smalare fagområde.
- Større budsjett og større organisasjon vil auka handlingsrommet og evne til å løysa større akutte og eller komplekse hendingar.
- Meir ressursar gjev betre evne til å arbeida planmessig og systematisk.
- Ein ny kommune vil framleis ha god nytte av interkommunalt samarbeid.
- Innafor nokre deler av tenesteområdet vil ein større kommune oppnå rasjonalisering og økonomisk gevinst.
- Stort geografisk område gjev utfordringar, anten i form av mykje reisetid eller i form av delvis oppdelt organisasjon lokaliseringmessig. Det blir viktig å finna den beste balansen på dette.
- Det krevst innsats for å arbeida saman tre organisasjonar til ein.

Notat Næring og innovasjon

Næring

Næring	Os	Tysnes	Fusa	Samla
Primær	3 %	14 %	9 %	5 %
Sekundær	22 %	25 %	41 %	27 %
Tertiær	76 %	61 %	49 %	68 %

Tab: Næringssamansetning per kommune og samla (2014)

Ovanstående tabell viser sysselsette per næring. Me ser at Tysnes og Fusa har vesentleg høgare sysselsetting innan primærnæringar enn Os. Sysselsettinga er dels knytt til tradisjonelt landbruk, men også havbruk er ein viktig del av dette.

Fusa er kommunen som har klart mest industriverksemd, samla har kommunen om lag 27 % av sysselsetjinga i industrien.

Os er kommunen med flest sysselsette innan tenesteytande næringar. Fordelingar mellom næringar slik den vert for dei tre kommunane samla tilseier normalt ein relativt låg sårbarheit.

Samla	Tal på arbeidsplassar	Tal på yrkesaktive	Eigendekning
Samla	8820	13276	66 %
Tysnes	1099	1349	81 %
Os	5776	9940	58 %
Fusa	1945	1987	98 %

Tab: Eigendekning av arbeidsplassar

Tabellen ovanfor viser kommunane sin eigendekning av arbeidsplassar, alle tre kommunar er avhengig av ein viss utpendling. Fusa har nær pendlingbalanse, medan Os er avhengig av ei utpendling på rundt 40 %. Samla vil dei tre kommunane vera avhengig av ein utpendling på 34 %.

SAMLA	13 276 Arbeids takarar	7 362 Pendlar ikke	4 294 Bergen	377 Sokkel en	222 Oslo	105 Fjell	101 Stord	815 Andre
Tysnes	1 349 Arbeids takarar	911 Pendlar ikkje	107 Bergen	81 Stord	68 Sokkel en	27 Os	22 Fusa	133 Andre

Os	9 940 Arbeids takarar	4 744 Pendlar ikkje	3 933 Bergen	239 Sokkel en	223 Fusa	183 Oslo	83 Fjell	535 Andre
Fusa	1 987 Arbeids takarar	1 336 Pendlar ikkje	254 Bergen	70 Os	70 Sokkel en	61 Kvam	44 Kvinnh erad	152 Andre

Pendlingsmatrise – utpendling

Bergen er den viktigaste pendlingsstaden for alle kommunane, deretter kjem arbeidspendling til Sokkelen. Os og Fusa har ein del pendling seg i mellom, frå Tysnes er Os og Fusa viktig for utpendling. Det er relativt mindre pendling frå Os og Fusa til Tysnes.

Utvikling og innovasjon

Det ligg eit vesentleg potensial for utvikling i samband med utbygging av E39, i første rekkje må me forventast ein vesentleg høgare produksjon av arbeidsplassar på Os i samband med ferdigstilling av Svegatjøn – Rådalen og utvikling av næringsområde i Endelausmarka.

Pendling og utvikling av eit felles arbeidsmarknad kan stimulerast gjennom hurtigbåt over Bjørnefjorden. Dette vil i særskilt grad kunna verka positivt for integrering av arbeidsmarknaden særskilt mellom Tysnes og Fusa.

Ei samla utvikling i område bør kunna gje grunnlag for utvikling av ny næringsverksemd basert på dei ulike menneskelege og naturgjevne føresetnadene i dei ulike kommunane. Ein betre samordna arealpolitikk vil t.d. kunna opna opp nye moglegheiter for havbruket. Regionale utviklingsmidlar vert i dag fordelt av BRB for Os og Fusa, fordelinga for Tysnes skjer gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det bør vurderast om ein i ein fusjonert kommune bør kunna fordela vår del av desse midlane direkte.

Etablering av Hordfast vil gje område ein sterkare knytning sørover og vil gje eit gunstig utgangspunkt for utvikling av næring mellom Haugesund og Bergen.

Differensiert arbeidsgjevaravgift.

Ein problemstilling som det må takast særskilt omsyn til er at Tysnes i dag har ei anna distriktssone enn Fusa og Os, dette inneber at kommunen har nedsett arbeidsgjevaravgift.

Den reduserte arbeidsgjevaravgifta utgjer kr. 5 million per år for kommunal verksemd og 8 million per år for privat næringsverksemd. Ordninga vil gå fram til 2021 som i dag, det er lite truleg at denne vil kunna vidareførast etter dette i ein ny kommune. Ordninga er ikkje ein del av overgangsordninga og vil uansett ikkje kunna ivaretakast for privat næringsverksemd gjennom overgangsordning.

Notat Kommunikasjon og samferdsel

Samferdsel

Dei tre kommunane Fusa, Os og Tysnes ligg rundt Bjørnafjorden. Ein rundtur i ein framtidig felles kommune – Våge, Venjanaset, Hatvik, Halhjem, Våge – utgjer om lag 93 km. Reisetid 2 timar 55 minuttar (www.visveg.no) Ferje er difor vera eit viktig internt kommunikasjonsmiddel.

	Reisetid	Fyrste ferje morgon	Siste ferje kveld
Venjanaset - Hatvik	12 min	K1 0535	K1 2330
Våge - Halhjem	35 min	K1 0530	K1 2215

Reisetid Våge – Osøyro: 1 time 11 min. Reisetid Venjanaset – Osøyro: 26 min (www.visveg.no)

Vedlagt kart viser Europavegar, riksvegar og fylkesvegar i dei tre kommunane. Det viser også dei viktigaste transportårene inn og ut av regionen.

Ferje – skyssbåt

Ein felles kommune er langstrakt rundt Bjørnafjorden og vil i lang tid vera avhengig av gode ferjesamband for å ha eit godt internt samband. Det går i dag skyssbåt mellom Tysnes og Os. Utviding av båtruta til Fusa og auka frekvens vil gje betre internkommunikasjon i ny kommune.

Vegprosjekt i arbeid

E39 Svevatjørn – Rådalen er starta opp, planlagt opning 2022. Vil meir enn halvera reisetida Os – Bergen til 17-18 min.

Framtidige vegprosjekt

E39 Aksdal – Bergen. I praksis frå Aksdal til Svevatjørn. Prosjektet er vedtatt med midtre trasé over Tysnes / Reksteren og til Os. Eksakt trasé er ikkje valt.

E134 er valt som ein hovudveg aust – vest. Det vert arbeidd med oppstart av KVV for strekninga Odda – Bergen. (Hordalandsdiagonalen). At Hordalandsdiagonalen går via Eikelandsosen til Os, vil vera avgjerande for infrastrukturen i den nye kommunen.

Vegar i ein felles kommune – potensiale

Alle tre kommunane har flest pendlarar med arbeidsstad i Bergen. Sjå vedlegg. Kort reisetid til Bergen er viktig. E39 Svevatjørn – Rådalen vil difor verka positivt for alle tre kommunane. Både for Tysnes og Fusa er det ynskjeleg med utbetring av interne fylkesvegar for å maksimalt ut av ny veg til Bergen.

Bru over Bjørnafjorden vil gjera Tysnes landfast med Os. Det er ynskeleg med utbetring av eksisterande vegnett på Tysnes for å kopla Tysnes best mogeleg til ferjefri E39.

Bru over Bjørnafjorden vil ikkje ha særleg effekt for Fusa kommune utan at det vert gjort alvor av intensjonen om påkopling til E39 med bruløysing mot Fusa. Best effekt vil ein få om dette vert ei samankopling med E134; Hordalandsdiagonalen Odda – Bergen.


Avhengig av kva bruløysing som vert valt over Bjørnafjorden, kan det bli trong for omkøyringsveg av god nok standard. Vegsambandet Os – Eikelandsosen – Våge må ha høg prioritet.

Breiband

Fusa kraftlag og Tysnes kraftlag har bygt ut breiband i fiber til alle bygder. Dei leverer også IP-telefoni og Altibox. Os har breiband med fiber i dei tettbygde strøka (BKK og Telenor).

Mobildekning

Fusa har stort sett 4G dekning. Det same er tilfelle med Os og Tysnes. Nokre bustader i utkant manglar dekning.



SSB – pendlingstall for 2013

Utpendling

Kommune	ARBEIDSTAKERE	PENDLER IKKE	1.	2.	3.	4.	5.	ANDRE
SAMLET	13 079	7 294	4 218 Bergen	174 Oslo	114 Fjell	94 Stavanger	94 Stord	1091
FUSA	1 954	1 306	260 Bergen	75 Os (Hord.)	57 Kvam	42 Kvinnherad	19 Oslo	195
TYSNES	1 336	914	109 Bergen	79 Stord	26 Os (Hord.)	17 Stavanger	17 Kvinnherad	174
OS (HORD.)	9 789	4 745	3 849 Bergen	187 Fusa	140 Oslo	91 Fjell	66 Stavanger	711

Innpendling

Kommune	1.	2.	3.	4.	5.	ANDRE
SAMLET	899 Bergen	80 Samnanger	57 Kvinnherad	34 Kvam	34 Stord	285
FUSA	187 Os (Hord.)	144 Bergen	59 Samnanger	30 Kvinnherad	28 Kvam	61
TYSNES	25 Bergen	21 Stord	21 Kvinnherad	17 Os (Hord.)	13 Austevoll	81
OS (HORD.)	730 Bergen	75 Fusa	26 Tysnes	21 Samnanger	18 Fjell	161

Notat Arealbruk

Overordna arealplanlegging er eit viktig verktøy for å sikre ei god utvikling av kommunen til beste for innbyggjarane. Kor ein legg til rette for bustad, næring og ulik infrastruktur får direkte konsekvensar for kvardagslivet til folk, og igjen for kor effektivt ein klarar å drifte kommunen.

26.9.2014 vart det vedtatt nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Målet er:

«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet»

Miljø og klima

Retningslinjene gir tydelege føringar for arealbruken i kommunane. Saman med skjerpa krav til reduksjon av klimagassutslepp betyr dette at vi må planlegge annleis framover enn det som har vore gjort tidlegare.

Os er ein liten kompakt kommune, mens Fusa og Tysnes har større areal og lengre avstandar. Ved ei samanslåing må ein sikre ei god utvikling av ulike lokal- og nærsenter, slik at innbyggjarane i den nye storkommunen i størst mogeleg grad kan leve gode kvardagsliv der dei bur.

Landbruk

Landbruk er ei viktig næring, særleg i Fusa og Tysnes. I Os er det få heiltidsbønder igjen. Det er eit overordna mål å verne om kjerneområda for landbruk. Likevel ser ein at press på areal fører til ei stadig nedbygging av dyrkbare areal og dårlegare vilkår for landbruksnæringa. For å unngå ei ytterlegare nedbygging av landbruksareal, krevs det ei bevisst planlegging der ein nyttar areal til utbygging på ein mest mogeleg effektiv måte.

Havbruk

Havbruksnæringa har utvikla seg til å verta ei viktig næring for Noreg og for dei mange kommunane med oppdrettsverksemd langs kysten. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for vidare vekst i oppdrettsnæringa, jf Meld. St. 16 (2014-2015) "Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett" (havbruksmeldinga). Os, Fusa og Tysnes har alle mykje sjøareal og det bør såleis ligge godt til rette for at havbruksnæringa vert utvida i området. Auka vederlag til kommunane, gjer også at dette er interessant å sjå nærare på.

Havbruksnæringa flyttar sine anlegg stadig lenger ut frå land. Det er difor eit aukande behov for ei heilskapleg vurdering av areal til oppdrett i Bjørnafjorden, uavhengig av noverande eller framtidige kommunegrensar.

Notat Stab og støttefunksjonar

Med stab og støttefunksjonar tenkjer vi på funksjonar som støttar opp om anna drift og styring av verksemda, under dette ligg mellom anna: IKT, personal, løn og økonomi, post og arkiv, informasjon, sakshandsaming av ulik art, innkjøp med vidare.

Funksjonane er kjenneteikna av at dei normalt er mindre avhengig av å vere nær innbyggjarane enn anna tenesteproduksjon, ein del tenester av denne typen må sitje tett på politisk og administrativ leiing medan andre kan utan problem lokalisert ulike stadar.

Ved ei kommunesamanslåing må vi kunne tenkja oss at det ligg store moglegheitsrom når det gjeld innsparingar og kvalitetsforbetringar av desse tenestene. Det bør vere mogleg å byggje meir spesialiserte fagmiljø enn dei einskilde kommunane har moglegheit til i dag. Vi ser også at tenestene kan fordelast mellom dei ulike kommunane for å sikre ei fordeling om lag som i dag for kommunale stillingar lokalisert på dei ulike kommunehusa.

Stab og støttefunksjonar har ei så vidt viktig rolle, både i fordeling mellom kommunane og i høve til å identifisere gevinstar gjennom samanslåing, at dei bør underleggjast ei meir omfattande analyse i samband med dei konkrete forhandlingane som må gjennomførast før kommunestyra kan gjer sine endelege vedtak om samanslåing.

Notat IKT

Ei kommunesamanslåing vil føre til store endringar innan IKT-området i dei tre kommunane. Sjølve drifta av maskinpark, nettverk og serverar bør samkøyrast inn i ein ny felles infrastruktur. Dette må vere ei prioritert oppgåve, og grunnlaget for å arbeide vidare med resten av IKT-systema.

Dei ulike kommunane vil i utgangspunktet har ein rekke ulike fagsystem, og andre gjennomgåande system som arkiv, HRM, økonomi osv. Her vil det vere eit omfattande arbeid for å slå saman system, bytte ut system og innføre nye system. Det må gjennomførast ein grundig og god prosess innafor kvart fagområde. Ein slik samanslåing av IKT-systema vil ta fleire år å gjennomføre og kreve mykje arbeid i fagområda. I ein lang periode vil ein måtte fortsette å køyre ein del parallelle IKT-system med dei utfordringane og kostnadane det vil medføre.

Den største faglege utfordringa ved kommunesamanslåing er korleis ein skal takle samanslåinga av arkiv og matrikkel. Det må vere stor merksemd på heile IKT-området i førebuingssfasen fram mot ei kommunesamanslåing i 2020.